



Norges vassdrags- og energidirektorat

Dato: 01.09.2014
Vår ref.: 2014/17720-7
Saksbehandlar: kjesigv
Dykkar ref.:

Vedtak om å byggja 3 småkraftverk i Samnanger. Delfråsegn i samband med samla høyring på 12 småkraftverk i Kvam, Samnanger og Fusa.

Vedlagt følgjer Fylkesutvalet sitt vedtak med omsyn til 3 småkraftverk i Samnanger. Saksframlegget vert sendt i eiga e-post.

Venleg helsing

Kjetil Sigvaldsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Torill Selsvold Nyborg gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i BKK. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Sigbjørn Framnes gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Sunnhordland kraftlag. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Tom-Christer Nilsen stilte spørsmål om han var ugild fordi far hans er styreleiar i BKK. Fylkesordføraren gjekk frå og fylkesvararordførar Mona Hellesnes leidde møtet medan spørsmålet om Nilsen var ugild vart drøfta.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Tom-Christer Nilsen var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Dan Femoen møtte for Nilsen i saka.

Fylkesvararordførar **Mona Hellesnes** leidde møtet.

Det var 13 representantar til stades.

Sveinung Valle sette fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 10:
Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging av Jarlshaug kraftverk, grunna inngrep i verna vassdrag."

Sveinung Valle sette fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 21:
Av omsyn til sårbart høg fjell, landskap, biologisk mangfald, friluftsliv og samla belastning rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Dukebotn kraftverk i Samnanger kommune."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 1:
Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging av Sandelva kraftverk."

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteken med 12 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

Innstillinga punkt 2-9 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 10 vart vedteken med 8 røyster mot 5 røyster (A, SV) for Valle sitt forslag.

Innstillinga punkt 11-20 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 21 vart vedteken med 8 røyster mot 5 røyster (A, SV) for Valle sitt forslag.

Vedtak

Sandelva kraftverk:

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sandelva kraftverk, men rår ifrå å gje konsesjon før ei grundig undersøking er gjort med omsyn til laks og sjøaure.
2. Søkjar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd.
3. Av omsyn til fisk og andre vasslevande organismar må forbisleppingsventil vurderast.

4. Det bør fokuserast på å få anlagt kraftstasjon nærast mogeleg turbrua som kryssar elva, og å sleppe ut vatnet direkte bak stasjon.
5. Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene. Under anleggsarbeidet skal det vere fokus på å unngå inngrep utover dei areal der inngrepa er uunngåelege. Ein må vise varsemd ved utbygging oppstraums lakseførande strekning.
6. Habitatet i og ved elv og elveutlaup nedstraums kraftstasjonen bør takast vare på.
7. Tiltaket skal ikkje svekke friluftslivkvalitetar i området nemneverdig.
8. Ein må vurdere høgare minstevassføring med omsyn til elva som sentralt landskapselement og stad for friluftsliv og rekreasjon. Høgare minstevassføring kan også vere viktig med omsyn til biologisk mangfald, spesielt moseartar, karsporeplantar og virvellause dyr.
9. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.

Jarlshaug kraftverk:

10. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Jarlshaug Kraftverk.
11. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
12. Forholdet til freda kulturminne nær tiltaksområde må avklarast før iverksetjing av tiltak og desse må merkast godt under anleggsarbeidet slik at dei ikkje vert skadde.
13. Jarlandselva ligg i eit verna vassdrag. Det er særskild viktig at planlagt installasjon til eit eventuelt kraftverk ikkje overstig 999 kW.
14. Det skal leggjast stor vekt på tilstrekkeleg minstevassføring.
15. Vassleppet frå stasjonen må etablerast slik at tilhøva for fisk i kulpen/djupålen ikkje vert svekka.
16. Av omsyn til fisk og andre vasslevande organismar må forbisleppingsventil vurderast.
17. Det er særskild viktig at ikkje avlaupet frå kraftstasjon, eller anna inngrep, kjem i konflikt med lakseførande elv.
18. For å redusere negative effektar på landskapskvalitetane, naturtypar og enkeltståande objekt, må det takast omsyn til dette under stikking av vassveg.
19. Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene. Under anleggsarbeidet skal det vere fokus på å unngå inngrep utover dei areala der inngrepa er uunngåelege.
20. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.

Dukebotn kraftverk:

21. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Dukebotn kraftverk i Samnanger kommune. Evt. konsekvensutgreiing må innarbeidast i saka. Hordaland fylkeskommune ber utbyggjar imøtekomme krav om ikkje å byggje veg og kraftlinjer i området.